



Mona og Ottar Brakstad
Melandsvegen 240
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2260 - 16/20982

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

02.11.2016

Melding om registrerte bygningsopplysningar i Matrikkelen GBNR 14/27

Meland kommune utfører ein gjennomgang av byggetiltak som har fått løyve, men som det ikkje er motteke tilbakemelding/ ferdigmelding på. Dette er bygg / tilbygg som no enten bør vera ferdige eller meldast avlyst etter som det er meir enn 3 år sidan løyve var gitt. Bygget synes som oppført i flyfoto som kommunen har frå 2013 og er på bakgrunn av dette registrert med status «tatt i bruk» i matrikkelen.

På dykkar eigedom er tilbygget til garasje som vart godkjent i 2001 no meldt som «tatt i bruk» i matrikkelen. Tilbygget var eigentleg registrert ferdig i 2003, men av ukjent årsak har ikkje denne registreringa gått igjennom i bygningsregisteret. Opplysningane som er lagt inn i matrikkelen er dei som går fram av byggesaka. Ber om tilbakemelding dersom de meiner arealet ikkje er rett.

I samsvar med Matrikkelforskrifta §10 vert de som registerert eigar av matrikkeleininga med dette underretta om føringa i matrikkelen.

Vedlagte utskrifter av matrikkelrapporter for bygg viser kva areal/ opplysningar som no er registrert i matrikkelen.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

14_27 garasje inkl tilbygg

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

